

INNHALD

INNHALD.....	2
1 Innleiing	3
2 Frå visjon til praktisk handling.....	4
3 Hemsedal 2019 – «Pulsen på bygda».....	5
3.1 Demografi.....	5
3.2 Næringsstruktur	6
3.3 Kommuneøkonomi.....	6
3.4 Styrkar og svakheiter	7
3.5 Gjennomgripande tema	8
4 Visjon – «Saman te tøypp».....	9
5 Hemsedal 2030 – Framtidsbilete basert på visjon	9
6 Målområder og mål.....	11
6.1 Bulyst (Bygd – og stadsutvikling, kultur, idrett, organisasjonsliv).....	11
6.2 Livsløp (Oppvekst, helse og livskvalitet).....	12
6.3 Miljø (Kulturarv, ressurs- og miljøforvaltning).....	13
6.4 Næringsliv (Innovasjon, utbygging, reiseliv, landbruk og samferdsel).....	14
6.5 Kjelder	16

1 Innleiing

Kommuneplanen skal vise i kva retning Hemsedal skal gå fram mot 2030, og er kommunen sitt overordna styringsdokument. Den tek stilling til dei langsiktige utfordringane, fastsette mål og strategiar for Hemsedalsamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Den dannar vidare grunnlaget for økonomiplan (handlingsdelen) og årlege budsjett.

Hemsedal er ein kommune med mange moglegheiter og ein kommune i vekst. Kommunen ligg midt mellom Oslo og Bergen. Store og attraktive fjell- og naturressursar gir reiseliv ein vekst som dannar grunnlag for å utvikle lokalsamfunnet vidare. Samtidig møter kommunen utfordringar med aukande trafikk, slitasje på natur, einsarta næringsliv, knapt med næringstomter og bustader, aukande psykiske lidningar, og etter kvart ei eldrebølgje som må løysast i tida framover.

Kommuneplanen sin samfunnsdel bygger på planstrategi for Hemsedal kommune 2016-2019 (KS-sak 118/16) og vedteke planprogram (KS- Sak 65/18). Planstrategien la til grunn ei rullering av arealdelen først, og denne vart vedtatt 18. desember 2018.

Arbeidet med planen har vore brei og inkluderande. Det er halde politiske og administrative arbeidsøkter. Grendamøtene har hatt stor oppslutnad, og det har vore eigen idedugnad med Hemsedal Ungdomsråd og 9. klasse ved Hemsedal barne og ungdomsskule. Både representant for born- og unge i plansaker, og Eldrerådet har bidrege med innspel i prosessen, og ein har gjennomført ein eigen idedugnad med dei eldre på Dataklubben (Frivillighetssentralen). I tillegg er det gjennomført ei innbyggjarundersøking ved hjelp av KS - «Betre kommune» der også hyttefolk har delteke. Alle innspel er vurdert og nokon er teke omsyn til. Andre innspel har vore tiltak, og kjem difor ikkje direkte til syne. Dei høyrer meir heime innanfor temaplanar med meir konkrete handlingstiltak for dei ulike sektorane.

Samfunnsendingar skjer stadig raskare, og kva som påverkar utviklinga er mangesidig, og vert ofte påverka av utanforliggjande eksterne rammevilkår. Kommuneplanen grip fatt i prioriterte områder som kommunen som tenesteyter sjølv kan påverke, men også kva kommunesamfunnet med næringsliv, lag og foreiningar og kulturliv kan bidra med.

Gjeldande samfunnsdel er frå 3. juni 2010, med følgjande visjon - «Ta vare på Hemsedal – vekst og utvikling- bygd på natur, kultur og livskvalitet». Prosessen har synt behov for ein ny visjon mellom anna etter arbeid med merkevarestrategi for næringa i Hemsedal. Med bakgrunn i desse tilbakemeldingane vert ny visjon for kommunen «Saman te tøpps»!

Mål og strategiar i plandokumentet er bygd opp kring 4 målområder:

- 1. Bulyst (Bygd- og stadsutvikling, kultur, natur, idrett, organisasjonsliv)**
- 2. Livsløp (Oppvekst, helse og omsorg)**
- 3. Miljø (Kulturarv, klima, ressurs- og miljøforvaltning)**
- 4. Næringsliv (Innovasjon, utbyggingsstrategi, landbruk, reiseliv og samferdsel)**

Det er stor nærleik mellom målområda, og ein må sjå målområda i samanheng og virke saman.

Hemsedal 7/5- 2020

Ordførar


Pål Rørby

2 Frå visjon til praktisk handling

Samfunnsdelen syner korleis vi ønskjer samfunnet Hemsedal skal utvikle seg fram mot 2030. Gjennom visjon, målområder og ei rekkje overordna strategiar er det gjort greie for kva retning ein ønskjer på utviklinga. Med bakgrunn i samfunnsdelen legg ein føringar for framtidig arealbruk, forankra i kommuneplanen arealdel. Arealdelen har følgeleg same tidsperspektiv som samfunnsdelen.

Kvart 4. år i samband med arbeid med planstrategi skal ein vurdere om kommunen sin samfunnsdel skal reviderast. Dei årlege handlingsplanar skal rullerast saman med økonomiplan. Desse planane skal byggje på samfunnsdelen, og det er viktig at det er samanheng mellom handlingsdel og kommunen sin økonomiplan for å sikre realisme i gjennomføring. Ofte vert måla og tiltak nærmare konkretisert gjennom kommunedelplanar eller temaplanar. Gjennom handlingsplanen vert det bestemt konkrete tiltak for å nå måla i samfunnsdelen.

Skjematisk framstilling av planprosesser;



Alle strategiar i samfunnsdelen skal bygge på nasjonale føringar som statlege planretningslinjar for samordna bustad, areal og transportplanlegging, samt rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, klima og energitilpassing, og born og unge i planlegginga.


Samfunnsdelen legg og til grunn at kommunen sine lokale mål og strategiar skal følgje [FN sine 17 utviklingsmål for bærekraft](#) for å fremje sosial, miljømessig og

økonomisk bærekraft. Desse bærekraftsmåla er verdas felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd, god helse, stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. (www.fn.no).




3 Hemsedal 2019 – «Pulsen på bygda»

3.1 Demografi




Figuren viser ulike prognoser for befolkningsvekst framover. Den raude grafen er den siste prognosen som er utarbeidd administrativt (2019) med 1 % årleg auke i folketalet. Den svarte grafen er faktisk utvikling (SSB tall). I tidsrommet frå 2005 til 2017 har folketalet auka med 31 %. Ein kan vise til ein relativ moderat vekst dei siste tre åra med omlag 0,2 – 1,4 % vekst pr. år. Utviklinga i befolkinga i fjellkommunane i Norge har falt med 6% i periode 1990-2018. Til samanlikning har Hemsedal hatt ein folketalesvekst på 53%. Innbyggjartal utgang 2019 er på 2488.



Basert på erfaringstall er det lagt til grunn ein årlig vekst på 35 personer framover. Tabellen over legg til grunn at alle som bur i Hemsedal 2019 vert buande, eller vert skifta ut med nye innbyggjarar i lik alder. Fordeling mellom ulike aldersgrupper syner at det vert ei auke eldre. Aldersgruppa 67-79 år står for den største auke i prosent i perioden frå 2019-2030.


3.2 Næringsstruktur



Næringsstrukturen og sysselsetting speglar kommunen sin plass som sentral reiselivkommune. Mykje av sysselsettinga er sesongbasert med hovudvekt på vinterhalvåret. Det er stor grad av netto utpendling til nabokommunar. Heilårs arbeidsplasser vert eit hovudoppgåve i planperioden.

3.3 Kommuneøkonomi

Kommuneøkonomien er god sjølv om ein enno ikkje har innført generell eigedomsskatt. Kommunen står framfor eit stort investeringsprogram knytt til ny skule, fleirbrukshall, omsorgsbustader, og større investeringar innan infrastruktur og bustadutvikling. Investeringsprogrammet til kommunen vil i tida som kjem redusere kommunen si handlefridom, noko som sett strenge krav til budsjettstyring og politiske prioriteringar. Kommunen innfører alminneleg eigedomsskatt frå 2020. Lånegjelda pr. innbyggjar eks. sjølvkostområdet utgjer kr. 53.800,- ved utgangen av 2019 og fordeler seg slik;



Kommunen sitt disposisjonsfond ved utgangen til 2019 på kr. 48,1 mill som utgjer kr. 19 330,- pr. innbyggjar. Snittet for norske kommunar utgjer rundt ca. kr. 7 000 pr. innbyggjar.

3.4 Styrkar og svakheiter

Styrkar

- Attraktivitet for bustadar - godt omdømme og urbanitet.
- Mange, og auka i lag/- foreiningar, - stor ungdomsdeltaking
- Attraktiv fjellnatur og ein sterk merkevare
- Full barnehagedekning
- Lite bruk av rusmiddel og lågt fråfall på vidaregåande
- Høg levekårsindeks og brukarane opplever at dei får dekt grunnleggjande kommunale tenestebehov
- Hemsedal skisenter – nasjonalt leiande alpinverksemd
- Norges beste vinter-reiselivsdestinasjon
- Stor del kommersielle gjestesenger fordelt på hotell, leilegheiter og hytter av god kvalitet.
- Mange og ressurssterke private hytteeigarar
- Betre lønnssemnd i reiselivet gir betre arbeidsplassvekst
- Aktiv landbruksbygd
- Av dei største mjølkeproduksjonskommunane i Buskerud
- Attraktivt kulturlandskap forma gjennom generasjonar
- Småskalaproduksjon av mat i bygda - identitet og sjel.
- Levande kultur- og bygdesamfunn
- Folketalsvekst
- Attraktive vatn, og vassdrag
- Ein mangfaldig samansetning av folketall, med innslag av fleire kulturelle og etnisk bakgrunnar
- Godt etablert produkt innanfor reiselivsnæringa

Moglegheiter

- Vekst i folketallet kan styrke økonomi- og servicetilbod
- Breiare aktivitetstilbod for barn og unge
- «Bulyst team» - innbyggjarane, lag og organisasjonar = vekst og utvikling - frå «service- til felleksamfunnet»
- Fadderordning for innflyttarar = nettverk og integrering.
- «Ungbo» - verktøy for etablering
- Eldrebu med fellesrom som stove og kjøkken.
- Sykkelvegnett og elva som ressurs for sentrumsutvikling
- Hytteeigarar – kunnskap og kapital
- Barnehage + bustad + arbeid + livsstilsendring = auka i folketall
- Ungt entreprenørskap og livsmestring i ungdomsskolen
- Interkommunalt samarbeid som reiskap for gode tenester og innbyggjarvekst
- Førebyggjande helsehjelp, velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering
- Møteplassar for lag og organisasjonar = dugnadsånd
- «Gründerbygda» kople kapital, nettverk og areal
- Koplingsboks «nisjeprodukt» og reiseliv = vekst i landbruk
- Produktutvikling innanfor fjellsportsaktivitetar
- Arrangementskommune som grobotn for kulturlivet
- «Fyrtårn» som grunnlag for heilårsarbeidsplassar
- Legge til rette for infrastruktur, stimulere og samle sommaraktivitetar
- Betre kollektivtilbod - skibuss som førarause el- bussar
- Gjennomgåande billett med buss og tog
- RV-52 som marknadskanal
- Begrense utflytting
- «young professionals» innan «outdoor» IT/Reklame/media
- «Dyr» i tomme fjøs

Svakheiter

- Kapasitetsproblem for eigedomsmassen i høve til skule, barnehage og helsetenester
- Det er eit auka press på heimetenestene og sjukeheims plassar
- Auka tenestebehov for personar som ikkje er fastbuande
- Einsarta næringsliv, og sårbarheit for konjunkturar.
- Få offentlege arbeidsplassar
- Nedgang i arbeidsplassvekst
- Få næringsstømtar og ledige lokal
- Store sesongvariasjonar, behov for heilårsarbeidsplassar
- Handelslekkasje til Gol – lite varetild.
- Avstand frå flyplass som sentral reiselivskommune
- Kollektivtilbodet for turistar og skuleungdom i høve til VGS
- Kollektivtilbodet generelt i regionen er for dårleg
- Varemerke kjent for ski og fest i norske marknaden på vinterstid medan ein om sumaren er mest kjent for fjellturar og fiske.
- Sesongsvingingar innan reiselivet inneber store infrastrukturinvesteringar i høve til innbyggartal
- Få karrieremoglegheiter
- Manglande tilgang på nærings- og bustadareal, spesielt i sentrumsnære områder

Truslar

- Aukande einsemd og psykiske lidningar for ungdom
- Generell auka i psykiske lidningar i befolkninga, og ein må leggja til rette for fleire personar med demens
- Nedbygging av fri natur
- Kvantitet kontra kvalitet med tanke på utbygging. For stor og rask utbygging. Kortsiktig eigarskap.
- Bustadmarknad i ubalanse,- mangel på bustadtomter og tilbod for sesongarbeidarar
- Liten tilgang på næringsareal og ledige næringslokaler
- Framtidstru, og rekruttering til landbruk
- Kulturlandskap i endring – nedbygging, attgroing og redusert beitebruk
- Reiseavstand som turistdestinasjon
- Få kompetansearbeidsplassar
- Få komplementære næringer
- Sesongbasert næringsliv som hindrar heilårsarbeidsplassar
- Klima i endring forkortar vintersesongen og skaper utfordringar for landbruket grunna tørke/flaum m.a.
- Samferdselskorridor gjennom sentrum for tungtrafikk aust/vest. Auka forureining og trafikkstøy
- Manglande involvering av hytteeigarar som ressurs
- Utsett for konjunktursvingingar
- Tap av marknadsholder til andre konkurrerende turistdestinasjonar
- Stadig eldre befolkning
- Utflytting av unge

3.5 Gjennomgripande tema

Basert på utfordringar og moglegheiter er det tema eller områder som påverkar heile kommunen. Det vert ikkje utforma egne mål for desse, men desse tema vert sikra gjennom heile planen.

3.5.1 Folkehelse

Folkehelse handlar om livskvalitet for den einskilde og god samfunnsøkonomi for kommunen. Det er eit krav at det prioriterast tiltak som legg til rette for fysisk og sosial kvardagsaktivitet, trivsel og moglegheit for oppfølging. Folkehelseinstituttet sin «Folkehelseprofil» for Hemsedal er god. Hemsedal scorar høgt på levekårstatistikk, og brukarane opplever at dei får dekt dei grunnleggjande behova for helse,- velferds- og omsorgstenester. Forventa levealder er høg, og det er lite bruk av livsstilsrelaterte medisinar. Det som er urovekkande er ei negativ utvikling innan psykiske lidningar i befolkninga, og for unge spesielt. Eldrebølgja kjem, men seinare enn landet elles. Tal demente er og aukande. Kommunen opplever ei aukande behov for helsetenestar frå folk som ikkje bur fast i kommunen. Sjølv om det finnast utfordringar er det mykje som ligg til rette for ei positiv utvikling med høg livskvalitet. Det er eit mangfald i idretts- og kulturlivet elles og bygda har gode tradisjonar med å inkludere både flyktningar og tilflyttarar.

3.5.2 Barn og unge

Barn og unge er framtida til Hemsedal. Å syte for godt og trygt oppvekstmiljø er avgjerande. For eit trygt oppvekstmiljø treng ein mellom anna gode møte- og opphaldsstader, og moglegheiter for leik og aktivitetsfremjande tiltak. Nasjonale mål peiker nettopp på at oppvekstmiljø skal gje born og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og at dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetane til ein kvar tid skal vere i samsvar med kunnskapen om barn og unge sine behov. «Ungdata» tek mellom anna pulsen på born- og unge, og denne syner at ungdommen i Hemsedal og spesielt jentene har mindre framtidstru enn landet elles, men dei aller fleste har vener dei kan stole på. Ungdommen har stor deltaking i organisert og uorganisert aktivitet, sjølv om ikkje alle er like godt nøgd med lokalmiljøet sitt. Undersøkinga syner og at kommunen scorar dårlegare lands- og fylkessnittet i høve til psykiske problem i form av einsemd og psykiske lidningar.

3.5.3 Universell utforming

Universell utforming er ein langsiktig strategi for å bidra til å gjere samfunnet tilgjengeleg samt unngå utestenging av folkegrupper. Utforming og tilrettelegging av fysiske tilhøve skal fremje moglegheiter til samfunnsdeltaking. Universell utforming tilfører kvalitetar i menneskeskapte omgjevnader som er positive for alle innbyggjarar. Bygg, uteområde og produkt som er i alminneleg bruk skal utformast på ein måte som gjer at alle menneskje skal kunne bruke desse så langt som råd. Hemsedal kommune ønskjer å strekkje seg langt for å følgje opp føremåla i plan- og bygningslova.

3.5.4 Samfunnssikkerheit og beredskap

Hemsedal skal vere eit trygt samfunn for alle som bur, er gjester eller driv næring i kommunen. Kommunen arbeidar aktivt og bevisst med å førebygge hendingar, og redusere skadeverkane dersom hendingar inntreffer. Arealplanlegginga skal ta omsyn til naturfare og endringar i klima som eit viktig virkemiddel for å førebygge tap og skade. Alle mål i kommunen sine planar vert vurdert i høve til beredskap og samfunnssikkerheit. Risiko og sårbarheitsanalyser er viktige verktøy i beredskapsarbeidet. Hemsedal har fleire flomutsette parti langs Heimsila. Som turistkommune har ein aktiv bruk av fjella i kommunen, der også skred er ei utfordring. 10- dobling av folketalet i periodar gir generell auka risiko med mellom anna auka fokus på beredskap. Kart for faresone ras og skred frå Grøndalen til Ulsåk, og flomsonekart er utarbeida for dei ulike flomutsette områda på Tuv, Trøym og Ulsåk. Tunge kjøretøy køyrer gjennom kommunen noko som betyr at kommunen har stor merksemd på sikkerheit og beredskap knytt til vegtrafikken. Kommunen driv kontinuerleg beredskapsarbeid. Det er eit tett samarbeid mellom kommunane i Hallingdal.

4 Visjon – «Saman te tøypps»

Hemsedal kommune sine verdiar er;

- Fellesskap
- Realisering
- Likeverd
- Respekt
- Mot

5 Hemsedal 2030 – Framtidsbilete basert på visjon

Bakgrunn for framtidsbilete:

Hemsedal sin eigenart spring ut av tre forhold: Natur, næring og mentalitet. Naturen er prega av tøffe og varierte fjellformasjonar, men også ein relativt brei og open dalbotn. Landbruket var likevel karrig så høgt til fjells og utfordringa dette gav skapte ein mentalitet som ligg bak Hemsedal sin vekst frå fattigbygd til velstandssamfunn; ta vare på dei mulegheitene som finst, bygge stein på stein og lite på eigne krefter. Hemsedal opplever no ei rivande utvikling innanfor turisme. Det er viktig at ein også i tida framover klarer å halde ved like landbruket og kulturlandskapet så godt som ein har gjort i Hemsedal, da denne historiske arven gir eit fortrinn med tanke på dei trendane som gjer seg gjeldande innanfor reiseliv. Greier ein å kombinere dette med ei tilsvarande satsing på kulturell sær eigenheit, mellom anna dialekta, vil ein også i tida framover kunne klare å skilje seg ut og bevare Hemsedal sin identitet. Skal Hemsedal opplevast som ekte og eigenarta, krevst det større medvit om og målretta arbeid med denne sida ved reisemålet. (kjelde v/ Kjell Snerte).

Framtidsbilete under er meint som eit bilete på korleis Hemsedal kan sjå ut i 2030 om ein følgjer mål og strategiar som ligg i planen. Samstundes vil det skje endringar i samfunnet utover det samfunnsdelen famnar om, som vil påverke utviklinga i kommunen.

Folketalet nærmar seg 3000 og ein har framleis ein jamn tilvekst av «livsstilstilflyttarar». Dei fleste er tilflyttarar mellom 25-45 år. Ny barne- og ungdomsskule vart ferdigstilt i 2023 og fleirbrukshall i løpet av perioda. Kommunen har ein moderne skule som motiverer til læring og inkluderer alle elevar på vegen mot eit ferdig utdanningsløp. Skulen er hjartet i bygda med sosiale aktivitetar til ein kvar tid for alle aldersgrupper. Barnehagen har rullerande opptak heile året og er ein stad der barna blir sett og får utvikle seg i tråd med interesser og anlegg. Ungdomane er aktive medborgarar som vert lytta til i ulike råd og utval. Dei har tru på framtida, og ønskjer å busette seg i eiga bygd.

Hemsedal ligg om lag 10 år etter resten av Noreg i høve «eldrebølgja». Vi har 650 personer over 67 år, og har etablert fleire omsorgsbustader for yngre personer. I tillegg er det etablert ei ny fløy med heildøgnsomsorgsbustader ved Bygdaheimen. Samarbeid med de friviljuge har resultert i minimal einsemd. Dagsenteret på Bygdaheimen og Helselagshuset vert drive i samarbeid med dei friviljuge. Helselagshuset er eit naturleg samlingspunkt for alle. Gjennom møtepunkter for unge og eldre vert det overført kulturelle tradisjonar frå slekt til slekt. Alle som flytter til Hemsedal får tilbod om ein fadder eller fadderfamilie. Hemsedal mottar flyktingar kvart år som raskt får eit tilbod om språk- og arbeidsplasspraksis, og slik sett vert dei ein ressurs for bygda.

I tråd med sentrale føringar vert nyare utbygging sentrert rundt tettstadane Ulsåk, Trøym og Tuv. Hemsedal har eit mangfald av bueiningar, og har i større grad konsentrert utbygging. Det finnes nå fleire innslag av mindre einingar i sentrale bustadfelt. Tomtestorleiken er redusert til omlag 500m² og det vert no bygd høghus for å spare friområde og matjord. Tilrettelagte bueiningar finn

ein sentralt med nullutslepps hus og område for unge etablerarar og sesongarbeidarar. Unge under 35 år får høve til å kjøpe eigen kommunal bueining (Ungbo), til ein vesentleg lågare pris enn marknaden.

Innbyggjarinvolvering har utvikla seg til ein effektiv arbeidsform der innbyggjarane i samarbeid med kommunen er med på å forme utviklinga av lokalmiljøet med nærmiljøanlegg, trafikktryggleikstiltak, og trivselstiltak for barn og unge.

For å nå målet på maks 2 grader varmare innan år 2100 har Parisavtala no blitt verifisert med strengare miljøkrav med restriksjonar på busetting, hyttebygging, landbruk, og næringsliv med avgrensingar for transportsektoren. Klimaet har blitt merkbar endra dei siste åra og vintersesongen har no blitt redusert med om lag 1 mnd. Sommaren er varmare og tørrare og ein har sett ei auke i attgroinga av kulturlandskapet, ikkje minst grunna redusert beitetrykk. Destinasjon Hemsedal vart i 2021 sertifisert som berekraftig destinasjon og ei rekke miljøtiltak har i ettertid blitt gjennomført. Som eksempel på miljøtiltak er det bygd fleire ladepunkt, nye system for kjeldesortering, samt ny bygningsmasse vert basert på miljøvenleg lokale råstoff. Mykje av tungtrafikken går utanfor kommunen.

Over 60% av folketalet på kloden bur no i byar, og ein har sett ei sentraliseringsbølge over heile verda. Dette reduserer nærleiken til urørt natur. Gjestane kjem i hovudsak frå Europa grunna høge miljøavgifter på drivstoff. Ein aukande del av folketalet vert eldre, men med betre helse. Interessa for tilrettelagt og mindre fysisk krevjande aktiviteter er aukande, samstundes er det stor etterspurnad etter helse- og sportsprega aktiviteter. Hemsedal har satsa på naturopplevingar, eksklusiv rekreasjon og helseturisme. Samstundes vert etterspurnaden etter kulturopplevingar med festival og konsertar samt opplevingar på støler med rot i lokal kultur og kortreist mat dekkja.

Gondolen frå Sentrum til Totten 2 er open heile året og tek gjester med opp for å nyte utsikta. Hemsedal er satt på kartet som ein av Norges leiande sykkeldestinasjonar, og har fleire heisbaserte stigar tilgjengelig for alle brukargrupper. Hytteutbygginga har blitt samla i færre og større felt. Det er bygd nærare 600 nye hytter dei siste 10 åra. Kommunen har hatt fokus på å ta vare på mest mogleg av Hemsedal sin urørte natur og har konsentrert utbygginga for det meste rundt Holdebakken, Totteskogen, Røggelia og ved Solheisen i Grøndalen.

Det er regulert store områder for næringsutvikling kring Svøo. Kommunen har stått for grunnlagsinvesteringar. Her finn ein for det meste verksemder innan småskala-produksjon, bygg- og anlegg. Etter ein bevisst satsing har ein etablert «veksthus» innafor ulike bransjar. Dette har gjeve grobott for etablering av kunnskapsmiljø (teknologi, kreative næringar) der fleire unge har flytta til bygda, noko som har ført med seg ei auke i talet på heilårsarbeidsplassar. Hemsedal er i framkant når det gjeld tilrettelegging for bruk av digitaliserte løysingar.

Det er bygd om lag 3000 senger i Totteskogområdet og ein har satsa på å kombinere næring med fritidsbustader. «Senger i næring» er framleis ein sentral arealpolitikk, og ein ser ei klar dreining frå volum til kvalitet med redusert utbyggingstakt. Handlegate frå Trøym sentrum til Fyritunet står no fram med koselege kafear, barar og nisjebutikkar. Gåande og køyrande er skilt frå kvarandre med aktivitetsområder og moglegheiter for rekreasjon i same området, medan sentrum har fått mange fine små butikkar, kafear, restaurantar og produkt frå lokale produsentar. Bygga vender mot elva og Bruøyne og Øya har blitt flotte rekreasjonsområde.

Klimaendringane skapar nye utfordringar for landbruket med mellom anna andre skadedyr og sjukdom. Hemsedal har klart sin del av det nasjonale mål om å auke matproduksjonen gjennom oppfølging av driveplikta aktivt og godt fagmiljø. Landbruk og reiseliv er på mange måtar

komplementære næringer som har gjeve synergjar for kvarandre. Det er etablert fleire vidareforedlingsverksemder som sel lokalt kjøtt, ost, yoghurt og andre produkt frå landbruket. Det er sett i verk miljøtiltak der gjødselkummar er tildekt, og solcellepanel og andre klimavennlige tiltak er satt i drift. Naturgjødsla vert nytta til å produsere energi før den vert molda ned. De urørte fjellområda er av det mest dyrebare bygda har. Ein er bevisst på å bevare desse for framtidige generasjoner og desse er verna mot utbygging. Skogen som miljøprodukt har gjeve grunnlag for alternative måtar å nytte trevirke på. Ein har satsa på lokal foredling av lokalt verke. Grunna miljøavgift på utslipp av drivhusgassar har ein satsa på nær-marknadane. Mange av gjestane kjem med tog og miljøvennlige busser. Førarlaus bussar transporterer gjestane frå trafikknutepunkt i Trøym.

6 Målområder og mål

6.1 Bulyst (Bygd – og stadsutvikling, kultur, idrett, organisasjonsliv)

6.1.1 Nosituasjon

Hemsedal er ein av få distriktskommunar som veks. Folketalet ved inngangen til 2019 var 2481. Landets beste alpinanlegg er ein viktig magnet på unge vaksne. Innbyggjarane bur hovudsakleg i tettstadene Trøym, Tuv og Ulsåk. Bygda er ein attraktiv bukommune med appell spesielt mot alderssegmentet 25- 45 år. Det finnast eit rikt fritidstilbod med urbane innslag av kafear og restauranttilbod. Det er få bustadstomter, noko som er prisdrivande. Hemsedal er også ei bygd med levande tradisjonar, variert kulturliv og mange friviljuge lag og organisasjonar. Det er stor aktivitet i kommunen, og nye områder er under utvikling for bustadbygging, fritidsbustadar, samt næringsområder for handel, turisme og industri.

6.1.2 Mål og strategiar for bulyst

Mål 1. 3000 innbyggjarar innan 2030

Strategi:

- Varierte butilbod i alle prisklasser til alle målgrupper
- Regulere og stimulere til bustadbygging
- Barnehageplass til alle barn over 1 år
- Betre kollektivtilbod til alle brukargrupper
- Buplikt som reiskap for fast busetting og tilgang på bustadar

Mål 2. Varierte moglegheiter for arbeid

Strategi:

- Kunnskap om målgruppa – Kven er dei og kvifor flyttar dei hit og kvifor flyttar dei ut?
- «Etablerer pakke» med ledige lokale, rådgjeving og oppstartshjelp
- Næringsareal og infrastruktur som mogeleggjjer innflytting av verksemder
- «Sesongarbeidarar som ressurs» - kompetanse og heilårsarbeidsplassar
- Regionalt samarbeid og oppfølging av tiltak i regional plan for Hallingdal

Mål 3. Variert kultur- og friluftsliv

Strategi:

- Innbyggjarinvolvering for utvikling av lokalsamfunnet (Kommune 3.0)
- Stimulere utvikling og samhandling mellom skule og frivillige organisasjonar
- Innbydande og attraktive sosiale møteplassar gjennom bevisst estetikk og byggeskikk
- Vidareutvikle kulturmiljø som viktige identitets- og opplevingstilbod
- Vitale og attraktive tettstadssentrum

Mål 4. Attraktiv kommune for fritidsbustader

Strategi:

- «Hyttelands bustad» – avklare konsekvensar og mogelegheiter
- Hyttelands som ein ressurs og dørpropar for næringsutvikling
- Tilrettelegging for fiber i hyttelands

Sentrale kommunale planar;

Kommuneplan for Hemsedal – Arealdelen 2018-2030
 Kommunedelplan – Hovedplan for vannforsyning
 Kommunedelplan – Hovedplan for avløp og vassmiljø
 Kommunedelplan for friluftsliv og idrett
 Kommunedelplan for Energi og klima
 Strategisk næringsplan
 Beredskapsplan
 Kulturminneplan
 Trafikktryggleiksplan

6.2 Livsløp (Oppvekst, helse og livskvalitet)

6.2.1 Nosituasjon

Hemsedal kommune har ei gunstig aldersfordeling med ein stor del unge vaksne mellom 25-45 år, noko som og gjer at eldrebølgja kjem seinare til Hemsedal enn resten av landet. Det har vore ein sterk og jamn vekst av arbeidsinnvandrarak dei siste åra, og det er registrert over 40 nasjonaliteter i dag, der dei fleste er frå Polen, Sverige, Danmark og Litauen. Det er over snittet mange ungdomar som er plaga av einsemd og psykiske lidningar. Hemsedal er noko under snittresultat på nasjonale prøver for 5. trinn, medan fråfall frå vidaregåande er lågt. Turismen gir store fordelar med tanke på eit godt utbygd aktivitetstilbod, men også negative sider med auka tilgang til rusmiddel.

6.2.2 Mål og strategiar for livsløp

Mål 1. Inkluderande, levande og mangfaldig lokalsamfunn utan sosiale skilnader

Strategi:

- Alle innbyggarak skal ha like mogelegheiter til å bidra og delta i lokalsamfunnet
- Legge til rette for eit rikt kultur-, idretts- og organisasjonsliv
- Auka kunnskap og forståing mellom minoritets-/majoritetsbefolkning
- Tenester som gir sosial tryggleik med rett skalering av politi og helsetenester
- Etablere fleire møteplassar for ungdom i alderssegmentet 16-20 år

Mål 2. Born og unge opplever meistring, tryggleik, inkludering, trivsel og framtidstru

Strategi:

- Motivere barn og unge til å utvikle kreativitet, og eigne evner for framtida sine utfordringar
- Bete resultat enn landssnittet i skulen og god rådgiving som sikrar at unge gjennomfører vidaregåande opplæring
- Temagrupper for ungdomsskuletrinnet med utfordringar dei er oppteken av
- Presentere næring og samfunn som syner at ungdommen føler seg etterspurt og verdsatt
- Ungdomsrådet som aktivt høyringsorgan
- Aktivt og variert kultur-, idretts-, og fritidstilbod i samarbeid med frivillig sektor
- Vidareutvikle tilbod innan kulturskula, SFO, fritidsklubb og bibliotek

Mål 3. Gode rutinar og sunn livsstil med tidleg innsats gjennom heile livsløpet.

Strategi:

- Levevaner og livsmeistring som fag på barne- og ungdomsskolen
- Styrke foreldrefunksjonen gjennom å utvikle støttande arenaer og nettverk.
- Fysisk aktivitet og helsefremmande tiltak ovanfor alle innbyggjarane i samarbeid med friviljug sektor
- Legge til rette for at innbyggjarane kan ivareta eiga helse

Mål 4. Framtidsretta helse- og omsorgstjenester samt at eldre bur heime lengre**Strategi:**

- Helsetjenester med fokus på brukarmedverknad, interkommunalt samarbeid og kvalitet
- Velferdsteknologi som satsingsområde
- Brukartilpassa bumiljø for eldre
- God og systematisk samhandling med frivillige

Sentrale kommunale planar;

Kommunedelplan for friluftsliv og idrett
 Strategisk næringsplan 2016-2019
 Helse og omsorgsplan
 Rusmiddelpolitisk plan
 Bustadsosial handlingsplan
 Trafikktryggleiksplan

6.3 Miljø (Kulturarv, ressurs- og miljøforvaltning)

6.3.1 Nosituasjon

Hemsedal er kjent for sine alpine fjell, eit levande kulturlandskap, flotte våtområde med ein av Norges beste elver for aure. Landskapsbilete styrker bygda sitt omdømme. Hemsedal står fram som ei flott landbruksbygd der kulturlandskapet gjenspeglar ryddighet i drifta. Det er lite seterdrift, og det er difor viktig å stimulere beite for å oppretthalde kulturlandskap. Hemsedal som turist- og landbruksbygd inneber utfordringar og moglegheiter. Frå Skogshorn til Høgeloft har ein vore oppteken av å skjerme for utbygging. Frå 2009 til og med 2015 har det samla CO2 utsleppet auka med 15% tilsvarande 1460 tonn. Ein del av veksten skuldast auka tungtrafikk etter at RV52 har blitt stamveg mellom aust og vest, men og næringsvekst og folketalsauke.

6.3.2 Mål og strategiar miljø

Mål 1. Norges «grønaste» fjellbygd innan 2030 i høve til CO2 utslepp**Strategi:**

- 10% auke av tal miljøsertifiserte verksemder pr. år fram mot 2030.
- Hemsedal sertifisert som berekraftig reisemål.
- Fornybare energikjelder som retningslinje ved næring, transport og utvikling
- 40% samla reduksjon i klimagassutslepp i høve 2009-tal, korrigert for innbyggjartal

Mål 2. Ta vare på kulturminner, naturmiljø og kulturlandskapet gjennom bruk.**Strategi:**

- Gjere friluftsområder og kulturminner meir tilgjengeleg gjennom bevisst folkehelsearbeid
- Auke kunnskapen om miljø hjå barn og unge, og bruke frivillige som ressurs
- Verdifulle naturområder skal kartleggjast og takast vare på

Mål 3. Langsiktige og heilskapelege arealbruks- og utbyggingsplaner.**Strategi:**

- Skjerme samanhengande natur- og landbruksområde slik som nordsida av dalen f.o.m. foten av Skogshorn t.o.m. Høgeloft
- Fortette og samle utbygging basert på kunnskap og heilskapeleg arealplanlegging
- Oppretthalde verdien av viktige jordbruks-, støls og beiteområder med vekt på dyrka mark, ivareta biologisk mangfald og landskap

Mål 4. Berekraftig klima- og energipolitikk.**Strategi til mål 4:**

- Omsette nasjonale mål til praktisk handling lokalt knytt til klimagass- og energiforbruk
- Stimulere til fornybare energibruk, og bruk av mindre energi per person, utan at dette får kostnad for miljøet omkring
- Vere ein føregangskommune innan kommunal forvaltning

Sentrale kommunale planar;

Kommuneplan for Hemsedal – Arealdelen 2018-2030
 Kommunedelplan – Hovedplan for vannforsyning
 Kommunedelplan – Hovedplan for avløp og vassmiljø
 Kommunedelplan for friluftsliv og idrett
 Kommunedelplan for Energi og klima
 Strategisk næringsplan 2016-2019
 Beredskapsplan 2020

6.4 Næringsliv (Innovasjon, utbygging, reiseliv, landbruk og samferdsel)

6.4.1 Nositasjon

Hemsedal er ein av Noregs største reiselivskommunar med landets nest største alpinanlegg. Hemsedal skisenter er den største private verksemda i omsetnad og sysselsetting. Dei største næringane er bygg og anlegg, varehandel og overnatting som i all hovudsak er turistrelatert. Det tradisjonelle landbruket sysselsett stadig færre arbeidstakarar, og avskalling fører mellom anna med seg dårlegare gjerdehald og fleire arealbrukskonfliktar. Skrantesjuka (CWD) har ramma villreinen med saltsteinforbod som påverker beiteadferd hjå sau negativt. Sysselsette innan landbruk driv ofte med attåtnæringar grensa opp mot reiselivet. Store sesongvariasjonar innan reiselivet gjer at ein har underdekning på heilårsarbeidsplassar. Hemsedal har om lag 190 fleire pendlarar som reiser ut av kommunen enn inn. Utviklingspotensiale i Hemsedal er bra med høg byggeaktivitet, attraktive bukvalitetar, vekst i turistnæringa og god infrastruktur. Tal på nyetableringar er høg i høve til tal på innbyggjarar. Det er knappheit på ferdig regulerte næringsstomter og næringslokale.

6.4.2 Mål og strategiar næringsliv

Mål 1. Heilårleg bærekraftig reiselivsutvikling.**Strategi:**

- Legge til rette for sykkel- og aktivitetstilbod som støtter opp under kjerneverksemd og destinasjon
- Trinnavis utvikling av Røggelia som reiselivstilbod for å sikre høg grad av lokal verdiskaping

- Støtte opp under Hemsedal Turisttrafikklag som eit samlande verkty for reiselivsutvikling
- Bidra til kompetanseutvikling og fellesgodefinansiering av infrastruktur
- Vidareutvikle det vinterbaserte reiseliv og styrke det sommarbaserte reiseliv

Mål 2. 200 nye arbeidsplassar basert på eit variert og berekraftig næringsliv

Strategi til mål 1:

- Knoppskyting frå etablert næringsliv som grunnlag for heilårsarbeidsplassar
- Kunnskapsbaserte verksemder med vekt på «grøn næringsutvikling»
- Tilgjengeleg næringsareal, næringslokale og lokale for produksjon
- Samle ressursane kring fyrtårn
- Fibertilgang for alle
- RV52 som marknadskanal
- Etablere base for tre nasjonalt leiande varemerker med verksemd i Hemsedal

Mål 3. Kreativt og innovativt entreprenørskap

Strategi:

- «Veksthus for næring» med synergi for reiseliv, kultur, mat og idrett.
- «Møteplassar» for ungdom og næring med ressurspersonar
- Ungt entreprenørskap i skulen samt tilrettelegging for lærlingplassar
- Interkommunal etableringsretteleing og forum for nærings samarbeid
- Fremje høgskuletilbod basert på behovet til Hemsedal sitt næringsliv

Mål 4. Miljøvennleg infrastruktur og kollektivtilbod

Strategi:

- Utbygging tilrettelagt for sykkel og mjuke trafikkantar
- Kvalitet kontra kvantitet
- Samanhengande kommunikasjon buss/tog mellom storbyregion Oslo/Bergen og Hemsedal
- RV52 lagt om utanfor tettstadane
- Brukartilpassa og miljøvennleg kollektivtilbod
- Legge til rette for ladestasjonar for elbil og tankstasjon for hydrogen

Mål 5. Eit landbruk bygd på framtidstru og miljø

Strategi:

- Oppretthalde og helst styrke den landbruksmessige produksjon
- God samhandling mellom landbruk og turisme
- Miljøvennleg landbruk
- Kortreist mat frå lokal foredling og produksjon
- Stølsbruk og kulturlandskapspleie
- Fornybar energi basert på landbruket sine råstoff og avfall som biogassanlegg
- «Skogen som ressurs» - frå plast til trevirke
- Nullvisjon for tap av matjord

Sentrale kommunale planar;

Kommuneplan for Hemsedal – Arealdelen 2018-2030

Kommunedelplan for friluftsliv og idrett

Kommunedelplan for Energi og klima

Strategisk næringsplan 2016-2019

Beitebruksplan – landbruk

6.5 Kjelder

Kap. 2 – www.FN.no – FN's bærekraftsmål

Kap. 3.1-3.2 – www.SSB.no - statistikkbanken

Kap. 5 – Bakgrunn – Kjell Snerte

Kap. 5 – Klimaendringar – jfr. Regjering.no/ Miljødirektoratet